

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Husnes, 31.01.2019

## Klage på vedtak om løyve til Onarheim kraftverk

Vi syner til vedtak frå NVE 10. januar 2019 om løyve til Sunnhordaland Kraftlag AS (SKL AS) for å bygge Onarheim kraftverk (NVE saksnummer 201406675).

Kvinnherad Turlag, Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Kvinnherad og FNF Hordaland har «rettlig klageinteresse» i saka om Onarheim kraftverk, jf. forvaltningslova § 28 første avsnitt. Vi klagar med dette på NVEs vedtak om å gje løyve. Klagefristen er 31.01.2019, jf. orientering om vedtak frå NVE 10.01.2019 (NVE saksnummer 201406675-37). Klagen er sendt elektronisk 31.01.2019 og er framsatt rettidig, jf. forvaltningslova § 30. Kvinnherad Raudt, Kvinnherad SV, Kvinnherad MDG og Kvinnherad Venstre støttar klagen.

Før NVE sender klagan vidare til olje- og energidepartementet, så ber vi direktoratet vurdere om det er grunnlag for omgjering av løyvet på grunnlag av momenta som er lagt fram i denne klagen. Dersom NVE ikkje finn grunn til å omgjere, så vil vi be olje- og energidepartementet om ei sjølvstendig og uavhengig vurdering av klagan som vert lagt fram her.

Det var uventa og trist for oss å få melding om at NVE har gjeve løyve til utbygging av vassdraget. NVE har etter vår mening ikkje lagt vekk på dei almenne interessene for folkehelse, friluftsliv og naturopplevingar i og omkring dette vassdraget.

Vi vil trekke fram følgjande punkt i samband med klagen og avgjera:

1. Bremstølen og Hellandselva har stor betydning for lokalsamfunnet på Husnes og befolkninga i Kvinnherad.
2. Omsynet til Bremstølen som eit «svært viktig» friluftslivsområde; Miljødirektoratet sin standard M98/2013.
3. Vurderinga av landskapsverknader, fjordlandskap, naturinngrepet og alternativa.
4. Sammenhengande naturområder med urørt preg.
5. Sumverknader og kumulativ last.

### Bremstølen og Hellandselva har stor betydning for lokalsamfunnet på Husnes og befolkninga i Kvinnherad

Folk som bur i Husnesområdet er svært frustrerte over at vassdraget no skal leggjast i røyr. Bremstølen og Hellandselva har stor tyding for lokalsamfunnet og befolkninga i Kvinnherad. Her har vore underskriftsaksjonar (<https://www.underskrift.no/vis/6907>) og støttemarsj for ivaretaking av Hellandselva og området kring Bremstølen. Det har vore eit stort lokalt engasjement i saka. Området er svært mykje nytta av turgåurar, slik det er dokumentert i tidlegare fråsegner.

Husnes er eit industrisamfunn og sterkt prega av store tekniske inngrep. Store industrihallar og store kraftmaster. Men så har vi - ganske sentrumsnært – Hellandselva som gjev liv i naturen, som syner fossar og stryk, som veks og som minkar, som durar, syng og kviskrar - og på den måten balanserer noko av alle tekniske inngrep.

**Omsynet til Bremstølen som eit «svært viktig» friluftslivsområde; Miljødirektoratet sin standard M98/2013**

Det er relevant å vise til dei nasjonale måla for friluftsliv, då dette har direkte tyding for vurderinga av dei allmenne interessene og temaet friluftsliv i saka om Onarheim kraftverk. Det har også tyding for korleis faktum er nytta i saka og korleis ein har handtert dette momentet i vurderinga etter vassressurslova § 25. Vi viser til dei nasjonale måla for friluftslivet som også utgjer ei retningslinje for energimyndigkeitene:

– *Friluftslivet sin posisjon skal bli teken vare på og utvikla vidare gjennom ivaretaking av allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.*

– *Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for barn og unge.*

I Prop. 1 S (2018-2019) frå Klima- og miljødepartementet vert dei nasjonale måla for friluftslivet utdjeta, og det vert vist til, s. 20, «*Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga og interessa for å ta vare på naturverdiar. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivitet og naturopplevingar, og av at friluftsliv som regel ikkje har noko konkurranselement. Spesielt viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurte arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen. Friluftslivet har ei sterk stilling i Noreg. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og eit nært forhold til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitnet og ein integrert del av mange nordmenn sitt liv. Undersøkingar viser at, forutan å få trim og bli i betre fysisk form, er det først og fremst fred og ro, naturoppleving og det å komme ut i frisk luft folk ønskjer når dei er på tur. Ifølgje SSB sine levekårsundersøkingar deltek meir enn 90 pst. av den norske befolkninga i friluftslivsaktivitet. I gjennomsnitt driv nordmenn med ein eller fleire friluftslivsaktivitetar meir enn 100 gonger i året. Fotturar er mest utbreidde, deretter følgjer bading utandørs».*

NVE viser på s. 30 til den «politiske satsingen på fornybar energi», men dette er ikkje eit sjølvstendig rettslig argument og har berre relevans i høve anna relevant politikk på området som energimyndigkeitene gjennom ein balansert prosess skal sjå til er ivaretatt. Like relevant for NVE er avveininga av denne politiske satsingen mot dei nasjonale måla for friluftslivet, som er støtta av Stortinget og regjeringa. Vi viser til at denne avveininga nettopp er utgangspunktet og føresetnaden for den «politiske satsingen på fornybar energi», då det i fortalen til «Avtale mellom kongeriket Norges regjering og kongeriket Sveriges regjering om et felles marked for elsertifikater» er framheva:

*«FRAMHEVER at hensynet til andre allmenne interesser og natur- og miljøforhold skal ivaretas gjennom tillatelsene til de enkelte utbyggingene».<sup>1</sup>*

Det er tilsvarende relevant å vise til regjeringa sin politikk i høve å ivareta kvalitetane i friluftslivsområder og den politiske satsingen på folkehelse, naturkvalitetar og friluftsliv, jf. Handlingsplan for friluftsliv (2018).

I retningslinje T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet er friluftslivsområder som er kartlagt som «Svært viktig» eller «viktig» rekna som «nasjonale eller vesentlige regionale interesser». Både dei nasjonale måla for friluftsliv og olje- og energidepartementet sin rettleiar s. 30 vektlegg «*viktige nærområder for friluftsliv (som bl.a. er spesielt viktige for barn og unge)*». NVE viser til den høge brukarfrekvensen i området. Men vi kan ikkje sjå at NVE drøftar Kvinnherad kommune sin bakgrunnsdokumentasjon etter kartlegginga (standard M98/13) om at «*Turområde mykje nytta av skulen. Tilrettelagt med benkar*». Vi ber olje- og energidepartementet om å ta stilling til dette i høve dei nasjonale måla for friluftslivet, og sidan rettleiaren eksplisitt nemner dette som eit relevant tema i enkelsakshandsaminga. Vi er einige i NVE si vurdering at eit viktig tilleggsmoment her knytter seg til høg bruksfrekvens. I tillegg er tydinga av området som nærturterren og nærliken til tettstaden Husnes relevant å vektleggje, jf. retningslinjene for små vannkraftverk OED.

### Vurderinga av landskapsverknader, fjordlandskap, naturinngrepet og alternativa

Vi er einige med NVE i vurderinga av det omsøkte alternativ 1 «som dels vil gi vesentlige anleggstekniske inngrep i et mye benyttet turområde» (s. 29 i NVEs grunngjeving) og alternativ 1 vil «virke skjemmende og fremstå svært negativt for opplevelsen av Bremstølsområdet» (s. 30). Ei alternativplassering (namngjeve som alternativ 2 og 3) vart lansert i kommentarane frå SKL etter den første høyingsrunden. Alternativplasseringa vart befart under synfaringa med NVE 28. juni 2018. Alternativet var også gjenstand for ei avgrensa høyring etter synfaringa. Utbyggjar ønskjer å etablere ein 17 meter lang sperredam som er 2,5 m høg. I tillegg vil det verta etablert ein terskel på sørsida av elva og eit lukehus på nordsida. Nærområdet kring Bremstølen og Hellandselva vil ikkje lenger framstå med eit urørt preg.

Vi er einige med NVE om at «Hellandselva fremstår som et markert landskapselement med god inntrykksstyrke på dager med høy vannføring. Utbygging av Onarheim kraftverk vil gi betydelig færre dager med høy vannføring. For alternativ 1 og 2 vil vannføringen i et middels år kun bestå av minstevannføring i 315 av årets 365 dager». Vi er også einige med NVE i vurderinga av «en utbygging av Onarheim kraftverk føre til forringelse av Hellandselvas verdi som landskapselement. Dersom det gis konsesjon vil det settes krav om minstevannføring slik at det blir noe vann igjen i elveløpet. Etter NVEs syn vil den omsøkte minstevannføringen i liten grad bidra til å opprettholde Hellandselva som landskapselement, men kan ivareta noe av næropplevelsen for folk som kommer inntil elva når de går Stølsvegen».

I Fylkesdelplanen for små vasskraftverk Hordaland 2009-2021 inngår fjella over Husnes i delområde 12 Rosendal-Husens. Her vert det skrive: «Rosendal- Husnes delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konsesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep fra sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Uskedalselva har villaks som krev særskild merksemd og spesielle tiltak ved utbygging i vassdraget».

I fjordlandskap viser olje- og energidepartementet i sine retningslinjer til, ss. 15-16:

- «*Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fosser i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås*»
- «*Inngrep som kan gi ueheldige sumvirkninger og som kan påvirke totalopplevelsen av fjordlandskapet (landskapsrommet) negativt bør i hovedsak unngås*».

Delar av rørgata vil verta profilbora i fjell (435 m) og resten av rørgata vil verta lagt i grøft i terrenget, dvs. 1200 meters lengde. NVE er også einig i at dette vil vera eit omfattande inngrep. Ei grøfta rørgate er eit omfattande inngrep i fjordlandskapet. Inngrepet vil vera skjemmande og synleg i lang tid. I fylkesdelplan for små vasskraftverk er det veklagt at delområde 12 er «nasjonalt viktig for reiselivet».

Bileta som er tatt frå Husnesfjorden og Husnes mot Hellandselva som NVE har lagt ved i grunngjevinga viser at inngrepet vil vere godt synlege i eit større landskapsrom og vil ha openberre lokale verknader. Verknadene av tiltaket og inngrepa (td. Rørgatetrasé i fjellsida og areal til grøftingsområdet) i eit større landskapsrom er ikkje tilstrekkeleg vurdert.

For at NVE skal kunne gje konsesjon til eit kraftverk må ikkje verknadene bryte med føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små vasskraftverk. Dei samla ulempene må ikkje vere av eit slikt omfang at dei overskrid føremónene ved tiltaket. Vi meiner ulepper og skadeverknader ved dette prosjektet er større enn føremónene.

Vi meiner difor at Hellandselva som landskapselement burde vore tillagt større vekt. All den tid NVE finn at Hellandselva er eit «markert landskapselement» og at ei utbygging vil føre til ei forringing av verdien som landskapselement, så meiner vi NVE ikkje legg tilstrekkeleg vekt på dette momentet si tyding. Vi kan ikkje sjå at vurderinga på dette punktet er i tråd korkje med retningslinjene i regional plan for små vasskraftverk Hordaland, delområde 12, eller sentrale retningslinjer, jf. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk og retningslinjene for små vasskraftverk OED.

### **Sammenhengande naturområder med urørte preg**

Vi er einige i NVE si vurdering, s. 29: «Etter NVEs syn er Bremstølsområdets urørte preg en viktig del av opplevelsesverdien». Delar av Bremstølvatnet inngår i et større inngrepsfritt naturområde. Etablering av inntaksdam ligg innanfor buffersone på 1 km i Hellandselva og vil føre til reduksjon i arealindikatoren for inngrepsfri natur, og vil medføre at området vil misse det urørte preget. Bremstølen ligg i randsone inn mot eit område som er rekna som «Sårbart høgfjell med stor verdi», jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Eit større område «Mjelkhaug-Mannen-Englafjell» er kartlagt av Kvinnherad kommune og er verdisatt som «viktig». Sambandet mellom T-merka ruter som følgjer Hellandselva mot Bremstøl på nord- og sørsida er ikkje drøfta i tilstrekkeleg grad av NVE. Vi meiner dette må tilleggjast vekt, då slike korridorar er viktig for heilskapen, forvaltinga og kvalitetane til natur- og friluftslivsområder. Det inngrepsfrie naturområdet i fjella over Husnes har særlege kvalitetar, då det er eit større inngrepsfritt naturområde som strekkjer seg får Matersfjorden og heilt opp mot Englafjell. Området står også i samband med det svært verdifulle området kring Ulvanosa.

Dei T-merka rutene langs Hellandselva til Bremstølen og vidare mot, til dømes Englafjell og Mjelkhaug, inngår i eit område som er verdisatt som regionalt viktig, jf. Regional friluftslivskartlegging.

Meld. St. 18 (2015-2016), ss. 52-53, viser til: «*Det er viktig at fremtidige tyngre tekniske inngrep søkes lokalisert på en måte som ikke reduserer opplevelseskvalitetene for friluftslivet i viktige større naturområder. Også tekniske inngrep av mindre omfang vil kunne redusere opplevelseskvalitetene. Det er derfor viktig at alle tekniske inngrep vurderes ut fra konsekvenser for friluftsliv, både i form av landskapsvirkning og om det hindrer eller reduserer ferdselsmuligheter.*

Området kring Bremstølvatnet mot nordaust inngår i ei skildring av geologisk arb i Norges geologiske undersøkinga sin database – samstundes er dette relevant for vurderinga av områdekvalitetane og samanhengen Bremstølen inngår i: «*Solifluksjonsformer, Vardhaugen ved Husnes. Området er foreslått som verneobjekt av Nils Valland, og synfart sommaren 1984. Folkestad (1970, 1972) har kartlagt øvre grense for breen i området og avmerka området som forvitringsjord på staden (in situ). Sjølve formene er ikkje nærmere omtala. Området med solifluksjonsformer er knytt til eit skarpt avgrensa område med lausmasser. Terrenget hallar jamt nedover mot Husnes. Området er omlag 300 x 150 m stort. Det er dominert av ein serie med solifluksjonsvalkar der kvar valk kan følgjast meir eller mindre samanhengande gjennom heile området. Valkane er 1 - 1.5 m høge og 3 - 5 m breie. Nokre stader kan ein sjå at grovfraksjonen er konsentrert i framenden av valkane. Det er også døme på flytana blokker. Mellom dette området og Breimstølsvatnet er overflata strødd med flyttblokker der det er fleire gode døme på korleis store blokker (fleire m<sup>3</sup>) vert haldne oppe av nokre små steinar. Mot NA er det ein skarp overgang til snautt fjell, og Folkestad meiner dette markerar øvre grense for Hardangerfjordbreen i Yngre Dryas i området. Solifluksjonsformene har høg verneverdi då dei er uvanleg godt utvikla. I tillegg er det like ved gode døme på flyttblokker og korleis isgrensa vert fastsett utan at det finst tydelege moreneryggar. Lokaliteten er urørt».*

### **Sumverknader og kumulativ last**

Førearbeida Ot. prp. nr. 39 (1998-1999) legg vekt på i sin merknad til vassressurslova § 25: «*Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan forventes i fremtiden, til sammen vil ha det*». Vi registrerer at NVE i grunngjeving for vedtaket (Bakgrunn for vedtak, Onarheim kraftverk, NVE saksnummer 200406675-37) skriv: «NVE mener antall utbygde kraftverk og mengden av vannkraftpotensialet som er utnyttet i Kvinnherad er høyt. Det kan tenkes at det er teoretisk mulig å sette en grense for når vannkraftpotensialet er tilstrekkelig utnyttet, og hvor mange vassdrag som bør bevares i en kommune. Etter NVEs syn er det likevel vanskelig å sette en slik kritisk grense for når nok av det samlede vannkraftpotensialet er utbygd. Selv i kommuner med mye utbygd vannkraft kan det fortsatt være enkelte gode mindre prosjekter igjen.» (vår understrekning). Sjølv om NVE i denne saka finn det vanskeleg å definere ei «kritisk grense» for når nok er nok av det samla vasskraftpotensialet er utbygd, så må NVE sjå til kva vurderingar dei tidlegare har vurdert for dette området. Det føreligg eit rettsleg krav til ei slik vurdering, jf. naturmangfaldlova § 10, vassressurslova § 25 og konsekvensutredningsforskrifta § 21 tredje avsnitt. Vi meiner at å auka lasten av tyngre, tekniske inngrep i området i Husnesfjella bryt med den forvaltningspraksis NVE har lagt til grunn i KSK-Notat nr. 25/2014 «Folgefonna-pakken». Retningslinjene til olje- og energidepartementet legg vekt også på at energimyndighetene «skal være oppmerksomme på sumvirkninger av flere innrep og effekten av "bit-for-bit" utbygging». NVE har i KSK-Notat nr. 25/2014 vektlagt verknader for innfallsportar til Mjelkhaug-Englafjell. I tillegg har samla verknader for friluftsliv, landskap og sammenhengande naturområder med urørt preg i dette konkrete området vorte tillagt vekt som avslagsgrunn i NVEs forvaltningspraksis. Vi viser til at NVE oppfyller det rettslege kravet til sumverknadsvurdering og konkluderer annleis i KSK-Notat nr. 25/2014: «*I vår vurdering av konsesjonsspørsmålet legger vi vesentlig vekt på forholdet til sumvirkninger for sårbart høyfjell, landskap, friluftsliv og INON i vurderingen av Eikeelva kraftverk, Børsdalselva kraftverk, Valedalen kraftverk og overføringen av Sitautevatn. Vi vektlegger også de virkninger tiltakene vil ha på innfallsportene til Ulvanosa og Englafjell-Mjelkhaug*».

Vi viser til FNF Hordaland si fråsegn til NVE, datert 17. september 2018: «*Isolert sett synes ny foreslått inntakspllassering å ha mindre konsekvens for friluftsliv og landskap, men gitt de forholdsvis beskjedne konsekvensene for prosjektets økonomi kan det stilles spørsmål ved hvorfor alternativet ikke var omsøkt som opprinnelig hovedalternativ. Isolerte konsekvenser er viktige å vurdere, men i slike større saker er det summen av inngrep opp mot summen av tiltakets fordeler som må vektes. Når det gjelder helhetsvurdering kan ikke Forum for natur og friluftsliv se at flytting av inntak i vesentlig grad avbøter negative konsekvenser for friluftsliv- og naturverdier av omsøkte Onarheim Kraftverk. Vår vurdering i høringsuttalelsen står seg. FNF Hordaland fraråder NVE å gi konsesjon til Onarheim kraftverk.*

Sjølv om Hellandselva allereie vert nytta til samfunnsnyttige føremål, som mikrokraftverk, drikkevassforsyning og uttak til prosessvatn, så er ikkje dette eit sjølvstendig argument for å fjerna dei resterande kvalitetane i vassdraget ved å gje løyve til ytterlegare vassdragsinngrep. Vi kan ikkje sjå at det føreligg ei tilstrekkeleg vurdering av dette moment korkje hjå tiltakshavar eller i NVE si vurdering, jf. konsekvensutredningsforskriften § 21 tredje avsnitt og vassressurslova § 25.

Vi vil understreke at det ikkje berre er mogleg å gjere ei vurdering av når nok er nok på kommunebasis og småkraftpakkeområdenivå, men at det også er råd å gjera det for større geografiske områder. Fylkesmannen i Hordaland har gjort følgjande vurdering: «*Samla sett viser dette at presset på vassdragsnaturen i fylket er så høgt at det er lite plass for ny utbygging*».<sup>ii</sup>

Vi viser til at NVE i småkraftpakke «Folgefonna» har gjeve konsesjon til Eikeelva kraftverk (NVE saksnummer 200906342). I konsesjonsvurderinga for denne saka har NVE lagt vekt på at tiltaket berører ei mykje bruk T-merka innfartsrute til eit viktig regionalt friluftsområde i høgfjell av B-verdi «Engafjell-Mjelkhaug». Løyvet til Onarheim kraftverk berører også ein viktig innfallsport til det same regionale friluftsområdet i høgfjell av B-verdi «Engafjell-Mjelkhaug». Vi kan ikkje sjå at NVE i si grunngjeving for løyvet har tilstrekkeleg drøfta verknadene av at fleire innfallsportar til dette regionalt viktige friluftslivsområdet vert utbygd. Ut frå tidlegare forvaltningspraksis vil ein forventa at dette var eit tema i drøftinga av vilkåra etter vassressurslova § 25.

Kvinnherad Tulag meiner at det er naturopplewinga kring Bremstølsvatn og nedover i vassdraget ein må vurdera. Med minstevassføring og løyvet til denne utbygginga, så vil opplewinga med å sjå vatn renna over berg og laga små fossar forsvinna. Elvesusen som ein heile tida høyrer når ein går på stiane, vil forsvinna. Det er peikt på at såra i naturen vil vera synlege i lang tid. Denne utbygginga er, etter vår mening, ikkje akseptabel for lokalsamfunnet.

Med vennleg helsing

Kjell Yri  
Leiar i Kvinnherad Turlag  
(Sign.)

Helene Ødven  
Dagleg leiar, Bergen og Hordaland Turlag  
(Sign.)

Ørjan Sælensminde  
Fylkeskoordinator, Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland  
(Sign.)

Jarle Øvrehus  
Leiar i Naturvernforbundet Kvinnherad  
(Sign.)

Følgjande politiske parti støttar klagen:

Kvinnherad Raudt v/Gaute Lund.  
Kvinnherad SV v/Elisabeth Croles.  
Kvinnherad MDG v/Matthias Zimmermann.  
Kvinnherad Venstre v/Kent Are Bjørsvik Petterson.

Kopi: Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Kvinnherad kommune

---

<sup>i</sup> Dette målet er også gjentatt i Granavold-plattformen, 2019, s. 90:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/7b0b7f0fcf0f4d93bb6705838248749b/plattform.pdf>

<sup>ii</sup> Sjå vurderinga til Fylkesmannen i Hordaland: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Miljo-og-klima/Vatn/Kraftutbygging-2017/>, og tilsvarende vurdering utført for Rogaland fylke av Fylkesmannen i Rogaland: <https://www.nrk.no/rogaland/mener-naturen-ikke-taler-mer-kraftutbygging-1.13011809>